

Innspel i tilknytning til Scenekunststrategien

Til Kulturministaren

Bergen, 11. mars 2021

Innspel i tilknytning til Scenekunststrategien

Bergen Nasjonale Opera (BNO) er landets nest største operaselskap og mottar drøye kr 22 mill. over statsbudsjettet i 2021.

Me er forundra over at opera ikkje er med i Scenekunststrategien, all den tid opera er scenekunst. Staten nyttar årleg store summar på operafeltet for at det skal kunna utvikla scenekunst på høgt nivå, og det ville difor vore naturleg at feltet inngår i strategien. Me har mellombels lese Kulturministerens grunngjeving, som kom 1. mars i år, for strategiens avgrensing mot opera. Det vert vanskeleg å slå seg til ro med grunngjevinga dersom ikke operafeltet får ein lovnad om ei eiga handsaming.

For dei neste 10 åra har BNO ambisjonar om å realisera det potensialet suksessen til no har skapa. Saman med Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien og Grieghallen AS ynskjer me å byggja eit nytt hus for musikkteater i Bergen med innviing i 2028. BNO vert av paraplyorganisasjonen Opera Europa nemnt som eit A-hus – noko som mogleggjer samarbeid med dei største aktørane i Europa. Ambisjonsnivået som settes for BNO i ei slik nyorientering medfører sjølv sagt etterspurnad av auka midlar.

Som eit operaselskap i by nummer to i Noreg, treng me å verta prioritert for å kunna framstå som eit alternativ til Nasjonaloperaen i Oslo. Det er naudsynt for kunstartens utvikling i landet å ha ulike syn på kva opera er, og i kva organisasjonsform den skal operera innanfor – eit kvalitetsdrivende samspel. Me ser gjerne til våre naboland, Danmark og Sverige, der hovudstadane vert utfordra av Århus og Gøteborg, Malmø m.fl. – dei respektive byars operaselskap har mykje betre vilkår enn BNO i Bergen. (Sverige har heile 5 operaselskap med eige hus og operaorkester – Den Jyske Opera i Århus, som vert drive på eksakt same måte som BNO, har det dobbelte budsjett.) Me heng altså langt etter våre skandinaviske naboar, og me ser fram til ei tilsvarande utjamning av skeivfordelinga mellom hovudstad og by nummer to, men utan at det får ein kostnad for DNO&B.

Me trur ikkje ein Scenekunststrategi, utarbeida mot slutten av ein regjeringsperiode, vil vera forpliktande nok på long sikt til å ivareta våre mål. Dessutan, slik me forstår det, er Scenekunststrategien kun eit internt arbeidsdokument for KUD, utan politisk forankring i Stortinget. Ei stortingsmelding om operafeltets vidare utvikling, vil etter vår meining vera vegen å gå. Den kan bli utarbeida av den neste regjeringa, anten den noverande vert sitjande eller ei, med forankring hjå våre folkevalgte og operafeltet sjølv.

NTO har vidareformidla KUD sitt ope innspelsinvitasjon til oss, og me har difor tatt oss den fridom å senda dette innspelet. Det er vår intensjon å gjera Kulturministeren merksam på at BNO er utolmodig etter å verta sett inn i ei langsiktig, forpliktande strategi som gjev gode

rammer for vårt virke og dei beste opplevingane for vårt publikum. Me legg til at BNO støtter NTO sitt eige innspel.

På ti år har BNO visa seg tilliten verdig, og me vil strekka oss ytterlegare dei komande ti åra. Ambisjonsnivået er høgt, og moglegheitene tilsvarande store, dersom rammene gjev rom for at me kan ta steget opp ein divisjon.

Med venleg helsing,

Eivind Gullberg Jensen